



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT
frå Kviteeid Sokneråd (SR)
Onsdag 01.03.2023, kl.18.00
Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen.
Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).
Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Meldt fråvær: Unni Snaunes, Toralf Grave og Gudrun Nordbø Venås. Andre varamedlemmer som vart innkalla, passa det ikkje for.

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Vigdis Helene Bruhaug

Oversikt over saker:

SR-sak 11.23 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 12.23 FR	Post og meldingar
SR-sak 13.23 FR	Ferdig rekneskap 2022
SR-sak 14.23 FR	Årsmelding 2022
SR-sak 15.23 SR	Endra liturgi til familiegudstenester
SR-sak 16.23 SR	Førebuing til soknemøte
SR-sak 17.23 SR	Kyrkjevalet 2023
SR-sak 18.23 SR	Fasteaksjonen 28. mars 2023
SR-sak 19.23 FR	Dugnad på kyrkjegardane
SR-sak 20.23 SR	Komitear og utsendingar
SR-sak 21.23 FR	Driftsbil til soknet
SR-sak 22.23 FR	Solpanel på utvida bårehus i Kviteeid
SR-sak 23.23 SR	Web-kamera i Kviteeid kyrkje
SR-sak 24.23 SR	Eventuelt

SR-sak 11.23 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post torsdag 23. februar 2023 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
VEDTAK: Som føreslege		
SR-sak 12.23 FR	Post og meldingar	MG
<p>1. Arrangement sidan sist SR:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. <u>Føremiddagstreff</u>: 22.febr., b. <u>Språk-kafé</u> 8. febr. c. <u>Sorggruppe</u> starta opp igjen 26. jan. d. <u>Tårnagenthelg</u> 11.-12. febr. e. <u>Frivillighetsfest</u> 4. febr kl. 12-15 på Misjonshuset <p>2. Planlagde arrangement:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. <u>Fellesmøtehelg</u> 10.-12. mars, i Kviteseid kyrkje. Talar: Curt Westmann b. <u>Taizèbøn</u> onsdag 22. mars kl. 19.30 i Kviteseid kyrkje c. <u>Matteus-pasjonen</u>: Dagfinn Køhn har omsett delar av Matteus-pasjonen v/ Bach, som vert ein vesentleg del av langfredags-gudstenesta i Kviteseid 7. april. d. <u>Soknemøte</u> 7. mai e. <u>Godhetsveka 2023</u>: 8.-12. mai, med gudsteneste sundag 14. mai <p>3. Brev frå Cappelen om eigedomen Kviteseid gamle kyrkje, datert 30.01.2023 hadde ein heilt annan tone enn inntrykket var etter befaringa i desember. Dei er i utgangspunktet positive til overføringa av kyrkjeeigedomen til Kviteseid sokn, men skriv så mykje anna rart om m.a. veg og parkering. Kyrkjeverja har difor sendt brevet vidare til Biskopen og KA for juridisk hjelp til god handsaming vidare.</p> <p>4. Tilbygg til bårehus/servicebygg Kviteseid: Vi har fått eit mellombels svar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som er instansen som skal gjere det endelege vedtaket. Dei ber om ei arkitektteikna endeleg utgåve av tilbygget. Det er difor bestilt. Elles støttar dei løysinga soknerådet vedtok: ‘Saltak med sprang’ (to tak i forskjellige høgder), og vårt ynskje om solpanel når økonomien tillet det. Plankontoret får då òg denne teikninga. Dei ynskjer òg vedtaket frå Statsforvaltaren når det ligg føre. (Sjå og Sak 23 om integrert solpanel)</p> <p>5. Overgangen til nytt sokneråd før neste vinter, krev litt justering: Konstituering av nytt sokneråd var sett opp til 23. nov, men det skal etter forskriftene skje i oktober. Gamalt råd skal fråtre 31. okt, og nytt råd tiltre 1. nov. AU vart informert om dette på sitt møte 15.02.2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. SR 5. okt. som er det siste møtet for sitjande råd, blir avslutta med konstituering av nytt råd. (Dette møtet må dessutan leggjast til eit anna lokale fordi kommunestyret er samla i dei vanlege lokala. Vi kan tinga kantina i Næringshagen, eller sjå om Misjonshuset er ledig) 		

- b. Nytt råd skal framstillast for soknet (på 1. gudsteneste etter konstituering). 8. okt. har vi ingen gudstenester. Nytt råd får difor valet mellom 15. okt. i Kviteseid (slutten av haustferien), og 22. okt. i Vrådal
- c. 23. nov. vert då 1. ordinære møte for det nye rådet
6. **Organisten ønsker seg digitalt trommesett** til bruk i kyrkjene til sangkora, konfirmantarbeidet og gudstenester. Kostnad vert kr 17.000 for nytt,, eller kr 13.000 for brukt (funnet pr i dag). Dette greier vi å finansiere over driftsbudsjettet, og det kan hende Soulchildren kan bidra litt økonomisk.
7. **Demenskor:** Demensforeningen ynskjer å etablere et kor for demente i Kviteseid. Det kan og bli eit samarbeid med Seljord. Organisten vår Olav Holm er blitt spurt om å spele for koret (ikkje leie), og det har han veldig lyst til. 2 t/veke eller annakvar veke. Får han det til innanfor arbeidstida si, så støttar kyrkjeverja det. Arrangørane vil sjå på mellom anna Misjonshuset, Fredheim og dagsenteret på Midtsundtoppen som lokale for øving.
8. **Ekstraoppgåver til organisten:** Olav er midlertidig engasjert til å hjelpe oss med data-saker i 10 % stilling i tillegg til sine 70 % som organist. Det går ut på
- a. bygge opp den nye nettsida med universell utforming (UU). 1. utkast er snart ferdig. **Den nye nettsida er i drift: kyrkja.no/kviteseid**
 - b. sjå på kva installering av felles skrivebord frå kyrkjerådet vil gje av fordelar (kjem frå digitaliseringsutvalget i Kirkerådet)
 - c. sjå på moglegheit for overgang til andre betre og meir brukte program. Det er då snakk om 'labOra Gudstjeneste' frå Agrando i staden for 'Kardinal' frå Kirkedata som i dag. 'Ecclesia' (Agrando) i staden for Gravlund (Kirkedata) er lite sannsynleg etter samtalar med kyrkjekontor som har brukt begge delar.
9. Årsmelding frå Fredagsklubben og Referat frå gruppeting i speidaren ligg vedlagt til orientering saman med dette referatet.
10. Spanande med igangsetjing av dei nye omnane og med styring i Kviteseid kyrkje frå torsdag 2. mars. *Det fungerte bra. En feil førte til kald kyrkje til bryllaup laurdag 4., men dei fekk i løpet av ein time opp varmen frå 12 °C til 15°C, og det følte folk greitt. Sundag 5. var feilen retta og 18°C. Vi greier oss no med 4 timer oppvarming mot 48 timer tidlegare. Har likevel stilt inn oppvarmingstida til 7 timer.*

SR-sak 13.23 FR	Ferdig rekneskap 2022	KS
-----------------	-----------------------	----

Rekneskapskontoret i Nissedal kommune leverte 16.02. ferdig rekneskap for 2022. Revisoren fekk og anledning til å gjere sin jobb, slik at endeleg utgåve av rekneskapen ferdig revidert no ligg ved her.

Driftsresultatet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 70.740 (overskot). Sum inntekter er kr 5.566.181, og sum utgifter kr 5.517.724. Det gjev eit brutto resultat på kr 48.485 som saman med finansinntekter gir eit netto driftsresultat på kr 70.740.

Driftsutgiftene vart vel kr 400.000 høgare enn budsjettet for 2022. Vesentlege årsaker er

- meirkostnader til straum på kr 230.000 (kr 430.000 mot budsjettet 199.000)
- reduksjon av pensjonsutgifter etter bruk av kr 187.000 frå premiefondet i KLP

Driftsinntektene vart også vel kr 400.000 høgare enn budsjettet, der sjukelønsrefusjon aleine utgjorde kr 220.000

Investeringsrekneskapen enda med kr 34.893 som udisponert (overskot) etter budsjetterte prosjekt på 1,24 mill. kr. Investeringane var innkjøp av over 100 nye varmeomnar til Kviteseid kyrkje, og renovering av to store blyglasvindauga same plass.

Balanserekneskapen viser samla anleggsmidlar og omløpsmidlar på litt over 15 mill. kr, som balanserer med eigenkapital og gjeld. Dette er ein auke på kr 1,16 mill. kr frå året før.

Sjå detaljerte rekneshap og noter i vedlegget.

Vedlegg: Kviteseid sokn, Årsrekneskap 2022

Forslag til VEDTAK:

Kviteseid sokneråd godkjenner med dette årsrekneskapen for 2022.

Mindreforbruket på kr 70.740 frå driftsrekneskapen, blir avsett til disposisjonsfond.

Udisponert beløp på kr 34.893 frå investeringsrekneskapen disponerast til tilsvarande auke av investeringsbudsjettet i 2023.

VEDTAK: Som føreslege

SR-sak 14.23 FR	Årsmelding 2022	MG / KS
-----------------	-----------------	---------

Forslag til årsmelding for Kviteseid sokn for 2022 ligg ved.

Godt påbegynt årsmelding vart handsama i AU 15.02.23 i AU-sak 11.23 og er etter det arbeidd vidare med. Avsnittet om økonomi er oppdatert og ferdig etter at rekneshapen var ferdig ført og revidert 23.02.

Kyrkjelova seier: Soknerådet skal kvart år innan 1. mars utarbeide ein årsrapport over rådets verksemd i siste kalenderår. Rapporten skal leggjast fram før soknemøtet.

Vedlegg: Forslag til Årsmelding for 2022

Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den er lagt fram (med eventuelle endringar gjort i møtet).

VEDTAK: Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den er lagt fram og med dei endringar som vart gjort i møtet.

SR-sak 15.23 SR	Endra liturgi til familiegudstenester	MG
-----------------	---------------------------------------	----

Det har gjennom fleire år vore arbeidd med utvikling og utprøving av ny liturgi i familiegudstenester lokalt i soknet. Gudstenesteutvalet vedtok på sitt møte 25.01.23 å legge fram for soknerådet det vedlagte forslaget til ny liturgi for familiegudstenester. (Sjå vedlegg) Gudstenesteutvalet oppmodar soknerådet til å gå vidare med å søkje biskopen om godkjenning av denne liturgien.

Om bakgrunn, arbeidsgruppe, innspel i prosessen og om dei ulike liturgiske ledd kan ein lese i innleiinga til forslaget.

Vedlegg: Familiegudstenester i Kviteseid sokn, Ny liturgi

Forslag til VEDTAK: Soknerådet legg fram «forslag til ny liturgi for familiegudstenester» for soknemøtet våren 2023. Med støtte fra soknemøtet vert det søkt biskopen om godkjenning av liturgien til bruk i familiegudstenester i soknet.

VEDTAK:

Soknerådet legg fram «forslag til ny liturgi for familiegudstenester» for soknemøtet våren 2023 med dei endringar som kom fram under møtet. Med støtte fra soknemøtet vert det søkt biskopen om godkjenning av liturgien til bruk i familiegudstenester i soknet.

SR-sak 16.23 SR	Førebuing til Soknemøtet 7. mai	MG
-----------------	---------------------------------	----

Soknemøtet har lang tradisjon i Noreg. Føremålet er at ein samla kyrkjelyd, gjennom eit allmøte, skal kunne uttale seg om viktige saker.

Lovgrunnlaget finn vi i Kyrkjelova §§ 9-11. Soknemøtet er først og fremst eit rådgjevande organ, men har òg avgjerdsrett i visse spørsmål, som kor mange medlemmer soknerådet skal ha, og spørsmål om innføring av ny liturgi. (Difor har vi neste sak som handlar om liturgi)

Viktige orienteringssaker er årsmeldinga frå siste år, rekneskap og budsjett (jf. Kyrkjelova § 9) Det er soknerådet som førebur sakene som soknemøtet skal fatte vedtak i.

Handboka for soknerådet 2019-23 seier at fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapet er 1. april, og at soknemøtet difor bør haldast ein gong etter dette. Her er fristen med ny økonomiforskrift gjeldande frå 01.01.2021 endra til 30. april. SR har difor tidlegare vedteke at soknemøtet i år blir 7. mai 2023, etter gudstenesta i Kviteseid.

Det er ikkje lovfesta noko om fristar til saker og kunngjering av årsmøtet, men tradisjon og god møteskikk tilseier at dato for soknemøtet skal kunngjerast i god tid, og likadan at sakene vert gjort kjende for gjennomsyn i god tid før møtet.

Kunngjering:

Soknemøtet i Kviteseid kyrkje 7. mai 2023 blir kunngjort slik:

- minst ein gong under gudstenester i Vrådal, Brunkeberg og i Kviteseid
- i Kyrkjebladet som kjem ut før påske
- med vanlege Gudsteneste-annonseringar i VTB og på eiga Facebook-side

Saker:

Sakslista blir lagt fram i papirutgåve under gudstenestene i soknet frå dei er ferdige og vedtekne i soknerådet og fram til soknemøtet. Administrasjonen legg sakene ut på nettsida vår når dei er vedtekne (med etterhald om at det let seg gjere nå under arbeidet med ny nettside)

Sakslista:

1. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar *Forslag: Marit Gotuholt*
 - b. Val av to referantar *Forslag: Dagfinn Køhn og Sigrun Moen*
 - c. Val av to til å underskrive protokollen
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Årsmelding for 2022, til orientering
4. Rekneskap for 2022, til orientering
5. Budsjett for 2023, til orientering
6. Forslag til ny liturgi for familiegudstenester

7. Samtale om arbeidet

Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek punkta for kunngjering av soknemøte og saker, sakslista og forslaga til namn under Sak 1, konstituering.

VEDTAK: Soknerådet vedtek punkta for kunngjering av soknemøte og saker, og sakslista.

SR-sak 17.23 SR	Kyrkjevalet 2023	MG
-----------------	------------------	----

SR har allereie fått litt innføring om valet på sist møte. Det kan ikkje presiserast nok at valstyret som er soknerådet, på eige initiativ set seg inn i rutinane for valet. Til dette er [Valhandboka for kyrkja](#) eit godt reiskap. Den er i år berre digital. På same nettside er det òg mange andre ressursar.

Ein del av valhandboka er hugselister med avkryssing. (Nynorsk på s. 106-112) Den har kyrkjeverja skrive ut og kryssar av på etter kvart.

Sjå gjerne gjennom hugselista og ver med på å finne dei viktigaste sakene og datoane vi må hugse på.

Kyrkjeverja arbeider med å samla viktig innformasjon som skal gjerast kjend. Noko av dette ligg ved.

Tilskot til gjennomføring av valet er på nær 24.000 kr, og blir utbetalt no i februar.

Det viktigaste arbeidet no i mars, er å finne kandidatar til nytt sokneråd. Nominasjonskomiteen orienterer om arbeidet så langt.

Vedtak: Kyrkevalet 2023 (*info*)

Forslag til VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringane.

VEDTAK: Soknerådet (SR) takkar for orienteringane. SR gjev AU fullmakt til å ta avgjersler mellom soknerådsmøta i saker som elles skulle vore avgjort av valstyret (SR), avgrensa av valhandboka.

SR-sak 18.23 SR	Fasteaksjonen 28. mars 2023	MG
-----------------	-----------------------------	----

Kyrkjestaben ved sokneprest, trusopplærar og kyrkjeverje er godt i gang med førebuing av årets fasteaksjon, men det er soknerådet som er ansvarleg for aksjonen.

Sjølv innsamlingsdagen med bøsser er tysdag 28. mars frå kl. 16.30, men aksjonsperioden er i heile fastetida, frå fastelavnssundag til påske.

Kirkens Nødhjelp (KN) har og i år hovudfokus på vatn med gjenbruk av mottoet 'Håp i en dråpe vann'. Prosjekt og filmar er i år hovudsakeleg frå Tanzania. Med katastrofetider som no, med krigen i Ukraina som har vart i eitt år, og jordskjelva i Tyrkia og Syria for 2-3 veker sidan, blir nokre av dei innsamla midlane sett av til KN's katastrofefond og brukta i Ukraina og Syria. Allereie 5 timer etter jordskjelvet, var den fyrste millionen frå KN sendt til samarbeidspartnerane i Syria. KN har ingen samarbeidspartner i Tyrkia, men der er det mange andre som hjelper. Så vi som kyrkje er via KN nært til stades i katastrofeområda.

Hos oss er konfirmantane ein viktig ressurs i innsamlingsarbeidet, i tillegg til sjåførar, soknerådet og andre friviljuge. Konfirmandforeldra har fått munnleg informasjon om aksjonen på foreldremøtet. Det er laga lister med konfirmandane og sjåførar.

Det vi ikkje har av materiell, blir bestilt (av Knut Ove). Materiell og bøsser blir klargjort av KO.

Nyttig informasjon om fasteaksjonen finn vi alle på www.fasteaksjonen.no Sjå innom der og bruk gjerne sida aktivt.

Vi tenker oss fylgjande gang av prosjektet vidare:

- Materiell til utdeling i kyrkjene:
 - Fastebøsser og Regnbuebøner (til bruk i heimen)
 - ‘Superhelt i fastetida’ (hefte for born)
- Kunngjering av fasteaksjonen:
 - Under gudstenester i fastetida
 - Eiga Facebookside med oppslag kvar onsdag i fastetida. Vi starta på oskeonsdag 22.febr. med fyrste regnbogebøn i ein filmsnutt.
 - Eilev Erikstein får saman med VTB laga eit større oppslag fredag 24. mars.
- Soknerådet si oppgåve:
 - Finn ansvarlege for utdeling av bøsser for
 - Kviteseid (på Kyrkjekontoret)
 - Brunkeberg (i kyrkjestova i kyrkja?)
 - Vrådal: ...
 - Fjågesund ...
 - Kilen (må ha eigne lokale folk) ..
 - Spør diakoniutvalet om bollar og saft/brus/kaffi til bøsseberarane på kvar plass
- Dei ansvarlege på kvar plass:
 - Avtalar med kyrkjekontoret om henting av bøsser og materiell i løpet av veka før
 - Fordeler rodene på konfirmandane med sjåførar, og finn eventuelle andre til ledige roder. (Kviteseid sentrum må delast i to. To konfirmandar frå Misjonshuset blir med, eventuelt med sjåførar)
 - Er to om å telje opp frå bøssene på kvar plass, eller levera dei plomberte bøssene til kyrkjekontoret kvelden tysdag 28. eller morgen onsdag 29. Oppgjers-skjema og evaluerings-skjema følgjer med til kvar plass.

VEDTAK:

Ansvarlege for fasteaksjonen på kvar plass er lista opp: Vi spør diakoniutvalet om bollar, saft/brus/kaffi til bøsseberarane i Kviteseid. Dei andre plassane ordnar dei ansvarlege med dette sjølve.

Kviteseid (i inngangspartiet på kommunehuset): Kristen Salmelid og Knut Ove Lofstad. 11 Roder. 9 konfirmandar frå kyrkja og 2 frå Misjonshuset.

Brunkeberg: Vigdis Bruhaug og Anne Lise Råmunddal.. 6 roder og 3 konfirmandar. Må finne 3 ekstra bøsseberarar.

Vrådal: Håkon Birkeland og Marit Sørby. Marit finn 2 til for å fylle opp 4 roder. Har 1 konfirmand.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund og Gunn Karin Eikåsen. Ingen konfirmandar.

Kilen: Elin Yung Larsen får med seg ein til.

SR-sak 19.23 FR	Dugnad på kyrkjegardane	MG
Som vanleg ynskjer soknerådet å engasjere frivillige til dugnad på kyrkjegardane tidleg på våren.		
Kyrkjeverja annonserer på FB og med eigen dobbeltpalta annonse i VTB nokre dagar før.		
<u>Forslag til datoar (m/2022-datoar):</u>		
<ul style="list-style-type: none"> • Brunkeberg: Torsdag 4. mai kl. 17:00 (vedteke 12.05, vart 04.05) • Kviteseid (nye): Onsdag 26. april kl. 17:00 (28.04) <i>Vi har SR 28.04.</i> • Kviteseid gamle: Torsdag 27. april kl. 18:00 (29.04) • Vrådal: Onsdag 26. april kl. 17:00 (28.04) • Fjågesund: Torsdag 27. april kl. 17:00 (avtala) (28.04) 		
VEDTAK: Soknerådet inviterer til dugnad på kyrkjegardane som fylgjer:		
<ul style="list-style-type: none"> • Brunkeberg: Torsdag 4. mai kl. 17:00 • Kviteseid (nye): Onsdag 26. april kl. 17:00 Ansv.: Marit Gotuholt og tilsette. • Kviteseid gamle: Torsdag 27. april kl. 17:00 Ansv.: Hans Kristian Aabø • Vrådal: Onsdag 26. april kl. 17:00 • Fjågesund: Torsdag 27. april kl. 17:00 		
Kyrkjeverja annonserer i VTB fredag 21. april.		
SR-sak 20.23 SR	Komitear og utsendingar	MG
Soknerådet finn utsendingar/komitear til dette:		
Årsmøte i Diakonatet, sundag 16. april kl. 15.30 på Dalen i samband med diakonisamlinga for Vest-Telemark 3: ...		
Konfirmantfest, sundag 30. april på Misjonshuset i Kviteseid. Komité: Marit Gotuholt, Marit Sørby + 2 til?		
Gullkonfirmantfest, sundag 24. sept. i Brunkeberg eller Morgedal etter messa i Brunkeberg. Komiteen må starte arbeidet med å finna (namn og) adresser til konfirmantane født i 1955 og 56 før sommaren. Kyrkjekontoret finn namneliste frå konfirmasjonsåra. Komité: Anne Lise Råmunddal + ...		
VEDTAK: Soknerådet vedtar fylgjande		
<ul style="list-style-type: none"> • Utsending til årsmøte i Diakonatet: <i>Marit Sørby</i> og <i>Hanne Roholdt</i> • Komité for konfirmantfest: <i>Marit Gotuholt, Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen</i> og <i>Dagfinn Køhn</i>. • Komité for gullkonfirmantfest: <i>Anne Lise Råmunddal</i>. Møyfrid spør i tillegg <i>Solveig Løfgren</i> og <i>ein av gullkonfirmantane</i>. Møyfrid Lunde er ikkje med i komiteen, men set dei i gang. Ho deltek med program på festen. 		

SR-sak 21.23 FR	Driftsbil til soknet	MG / KS
<p>Leasingperioden på 5 år for arbeidsbilen i soknet, går ut i sommar.</p>		
<p>Kyrkjeverja har innhenta tilbod på nye bilar, og pris for kjøp av den vi har i dag.</p>		
<p>Bilen må kunne trekke 2,5 tonn og ha 4x4. Kyrkjeverja kunne ønske seg ein elbil av fleire grunnar, men der er få pickupar eller varebilar med 4x4, og dei trekker veldig lite på tilhengar, om noko.</p>		
<p>Vi har i dag Isuzu D-max (pickup) fra Seljord bil. Den har nå gått mindre enn 42.000 km på 4,75 år. Viss vi ikkje kjøper den eller leaser ny frå same stad, må vi reparere småskader på bilen og bruke minst 2 eigenandelar à kr 10.000.</p>		
<p>Innhenta priser (brutto pris og leasing i 60 mnd):</p>		
<ol style="list-style-type: none"> 1. Ny Isuzu D-max (pickup) fra Seljord bil: 615.000 → 5830/mnd 2. Hi-lux (pickup) fra Toyota Seljord: 682.000 → 6731/mnd 3. Ford Transit Costum (liten lastebil) fra Solberg Bil i Notodden: 670.000 → 6910/mnd 4. Ford Ranger (pickup) fra Solberg Bil i Notodden: 760.000 → 7145/mnd 5. Mercedes Vito (varebil) fra Autostrada i Seljord: 819.000 → 7700/mnd 6. Kjøpe ut dagens Isuzu D-max fra Seljord bil: restverdi kr 269.000 <ol style="list-style-type: none"> a. 60 mnd → 5630/mnd b. Eigenandel kr 150.000 → 36 mnd à 3964/mnd c. Eigenandel kr 150.000 → 24 mnd à ca. 5620/mnd 		
<p>Kyrkjeterane har vore med i prosessen og drøftingar.</p>		
<p>Konklusjonen etter dette er at det mest lønsame er å kjøpe ut den bilen vi har i dag.</p>		
<p>Lenge låg det an til at driftsrekneskapen ville ende på eit overskot på rundt kr 150.000. Det var då nærliggjande å tenke at det kunne brukast som innskot og dermed redusera avdragsperioden på lånet frå fem til to år (som vist over her).</p>		
<p>Vi har budsjettert med leasingutgifter på rundt 6000/mnd.</p>		
<p>Overskotet frå driftsbudsjettet i år blir oveført til disposisjonsfondet. Det var i 2021 kr 301.000 og vart auka med kr 141.000 til dagens kr 442.000. Med ny tilførsel no, vert det nesten kr 513.000.</p>		
<p>Overskotet frå investeringsbudsjettet i år på nesten kr 35.000 er og lovleg å bruka til kjøp av bil, eller det kan brukast til å auke budsjettramma for investeringane vi elles har i 2023 slik forslaget er i SR-sak 13.23. Ved å vera ferdig med avdrag på bilen etter to år, vil vi årleg vidare spare over kr 70.000 årleg i kostnad til leasing eller avdrag på bil.</p>		
<p>Kyrkjeverjas innstilling er forslaget til vedtak.</p>		
<p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek at kr 150.000 frå disposisjonsfondet blir bruka som eigenandel til kjøp av arbeidsbilen Isuzu D-max som soknet leaser fram til sommaren 2023. Resten av bilens verdi blir finansiert med lån og avdrag over 24 månader.</p>		
<p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		

SR-sak 22.23 FR	Solceller på utvida bårehuset i Kviteseid	MG / KS
	Soknerådet har på investeringsplanen i år å utvida bårehuset i Kviteseid med eit stort rom til allsidig bruk. Soknerådet vedtok i sak 07.23 på sist møte at utvidinga av bårehuset blir bygt med saltak. SR ynskjer og at det blir lagt til rette for framtidig solcellepanel.	
	Kyrkjerådet si seniorrådgjevar for kyrkjebygg ligg til grunn for bispedømmerådet si tilråding til Statsforvaltaren som gjer det endelege vedtaket. Dei stør det val av takform som SR vedtok. Dei støttar og bruk av grå skifer som på kyrkja. Arkitekten tilrår grå flate taksteinar utan å nemne skifer spesielt.	
	Viss vi nå går for skifer, vil det vere ei meir kostbar løysing enn det vi fyrst rekna på og med. Flate takstein (til dømes frå Skarpnes) vil vera noko rimelegare enn skifer, utan at vi har pris på alt dette no. Men legg vi kostbar stein på taket no, og om 2-5 år installerer solcellepanel oppå, så blir det samla dyrare. Med solpanel integrert i taket, slik vi til dømes kan sjå på nybygget til Lundenjordet, vil det samla sett bli ei innsparing i utlegg på taket.	
	No har taksteinleverandør i samarbeid med solcelleprodusent utvikla takstein som har integrerte solceller. Sjå gjerne på denne nettsida frå Skarpnes . Dette er for så vidt ikkje noko nytt, men utviklinga er komen mykje lenger enn då Strand kyrkje i Ryfylke fekk solceller som likna på skifertak .	<
	Viss soknerådet går inn for solceller integrert i taket på bårehuset no vår og sommar 2023, vil det bety ein meirkostnad på rundt kr 200.000. Det er for 60 m ² solceller på dei om lag 70 m ² av taket som vender mot kyrkja (sør/aust). Samtidig vil soknerådet spare pengar ved å montere solceller samstundes, fordi vi da slepp kostnadane til takstein der solcellene skal vere, og vi sparar straumutgifter ved å produsera eigen straum.	
	Forslag til finansiering: Her er fleire moglegheiter, og sikkert fleire enn dei som er skisserte her. Det sikraste vil vera å bruke av dei midlane vi har. Overskotet frå investeringsprosjekta i 2022, aukar budsjettet for 2023 med rundt kr 35.000. Det kjem godt med. Overskotet på kr 42.000 frå 2021, står på ubunde investeringsfond og kan brukast. Disposisjonsfondet som vart omtala (og brukta) i bilsaka rett over her, hadde ein saldo på kr 513.000 etter SR-sak 13.23. Viss det vart redusert med kr 150.000 i SR-sak 21.23, står det att kr 363.000 i disposisjonsfondet, meir enn det vi starta med i rekneskapsåret 2021 (kr 301.000). Det går truleg og an å bruke midlar frå bunde driftsfond, der soknerådet i dag har kr 145.000. Dette er midlar som er øyremerka til Kviteseid kyrkje og vart med frå gamle Kviteseid sokn før samanslåinga frå januar 2016.	
	Det er vanskeleg å seie kor mykje innsparing vi får på straumkostnadane med solceller. Produksjonen i kWt kan enkelt reknast ut, men held prisane seg på dagens nivå, på 1-2 kr, kan anlegget vera tent inn på 10-15 år. Levetida vil vere på 40-50 år, som andre tak.	
	Det går og an å søkje bank, forsikring og andre instansar/fond om stønad til eit slikt spesielt, 'grønt' og framtidsretta prosjekt.	
	Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek å byggja integrert solcelleanlegg på taket nå i 2023 og godkjenner finansiering via disposisjonsfondet til Kviteseid sokn.	
	VEDTAK: Som føreslege.	

SR-sak 23.23 SR	Web-kamera i Kviteseid kyrkje	MG
<p>Kulturutvalet har fleire gonger drøfta moglegheitene til å kunne sende gudstenester og andre arrangement på nett, og tenker da spesielt på overføringer til KOS og Midtsundtoppen. Folk som av forskjellige grunner er forhindra frå å koma til kyrkje, vil òg då kunne få tilgang og sjå og vere med heimanfrå. Vi treng ikkje open tilgjenge for alle. Det vil kunne gjere at folk heller vel å sitja heime. 3 fastmonterte kamera vil koste rundt 11-12.000,- Vi treng òg truleg eit nettbbrett eller PC.</p> <p>I førre soknerådsperiode handsama ein ei sak om noko tilsvarande, men med meir kostbart utstyr, og konkluderte då med at det ikkje var ynskjeleg. Så kom koronapandemien og syntet oss at opptak og live-sending i fleire høve vart ei god løysing for soknet.</p> <p>Det er i dag mange kyrkjer som har slikt utstyr til opptak og live-sendingar. Enkelte plassar er det eit tilbod frå gravferdsbyrå å taka opp eller sende direkte frå gravferder. Det er ikkje utenkeleg at folk som giftar seg, og kan ha eit ynskje om opptak. Då kan eit slikt fastmontert utstyr kunne brukast og leigast ut.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet er positive for moglegheita til opptak og live-sending av gudstenester og andre arrangement. Soknerådet overlet finansiering av noko slikt til kyrkjeverja og ber kulturutvalet utarbeide retningslinjer for bruk av utstyret.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet er positive for moglegheita til opptak og live-sending av gudstenester og andre arrangement. Kyrkjeverja finn finansiering. Kulturutvalet utarbeider forslag til retningslinjer for bruk av utstyret og sender saka tilbake til SR for endeleg vedtak.</p>		
SR-sak 24.23 SR	Eventuelt	MG
<p>Sak om gudsteneste under Pride-markeringa i Kviteseid i august</p> <p>Arrangøren Arvid Tommy Juvskås tok først kontakt med soknepresten i desember, og svara at han kunne ta ny kontakt i januar. Siste helg i februar tok Juvskås så kontakt med soknerådsleiar Marit Gotuholdt.</p> <p>Førespurnaden vart grundig drøfta i soknerådet.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek at det ikkje skal arrangerast ei eiga gudsteneste i samband med Pride-markeringa i Kviteseid laurdag 19.august. Soknerådet ynskjer heller at tema som respekt og mangfold vert fokusert på i ordinære gudstenester.</p>		

Planlagde møte i 2023: (NYTT SR-vedtak 25.01.2023)

AU:	onsd. 12.4.	onsd. 24.5.	onsd. 9.8.	onsd. 20.9.?	
SR:	onsd. 1.3.	torsd. 27.4.	torsd. 8.6.	torsd. 24.8.	torsd. 5.10. (siste med gml.råd og konstituerande for nytt råd)

Valdagar: 10 og 11.9.

NB: Hald av datoен 19. okt. 2023 for stor frivillighetsfest der soknerådet, alle utval, komitear og frivillige blir takka for innsatsen dei siste 4 åra.